

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I LALM ARBEIDERLAG 2019

Årsmøtet vart halde på Lalm samfunnshus/møterom.

Mandag 25. februar kl. 19.00 til 20:30.

Frammøtte: Jo Ivar Kleiven, Rune Borgan Isaksen, Gjermund Øihusom, Steinar Evensen, Tore Kleiven, Jeanett Olderløyken, Pål Bakke Braaten, Bernd Karsen, Knut Fredriksen, Sverre Braaten, Imbert Kleiven og Magnus Løyken.

Sakar:

1. Godkjenning av innkalling
 - Godkjent
2. Val av ordstyrar, referent og 2 protokollunderskrivere
 - Jo Ivar vart vald som ordstyrar
 - Rune vald som referent
 - Imbert og Gjermund skal skrive under referatet
3. Årsmelding 2018
 - Godkjent årsmelding
4. Rekneskap 2018
 - Jo Ivar gjekk gjennom rekneskapen for 2018.
 - Rekneskapen godkjent
5. Budsjett 2019
 - Budsjettet godkjent
6. Handlingsplan 2019
 - Jo Ivar gjekk gjennom handlingsplanen for 2019.
 - Handlingsplanen godkjend med nokre endringar.
7. Vedtekter
 - Ingen endring
8. Evt. innkomne sakar
 - Ingen innkomne sakar

9. Val

Det nye styret vert da slik:

- | | | |
|---------------|----------------------|--------------------|
| • Leiar | Jo Ivar Kleiven | Ikkje på val, 2020 |
| • Nestleiar | Jeanette Olderløyken | ny, 2021 |
| • Styremedlem | Magnus Løyken | attval, 2021 |
| • Styremedlem | Jolanda Kuiper | ikkje på val, 2020 |
| • Styremedlem | Imbert Kleiven | attval, 2021 |
| • Styremedlem | Steinar Evensen | ny, 2021 |
| • Styremedlem | Rune Borgan Isaksen | ikkje på val, 2020 |
| • Varamedl. | Sverre Braaten | attval, 2021 |
| • Varamedl. | Tore Kleiven | ikke på val, 2020 |
| • Valkomite | Gjermund Øihusom | attval, 2021 |
| • Valkomite | Kirsten Bråten | ikkje på val, 2020 |
| • Revisor | Per Ove Røy | ny |
| • Revisor | Bernd Karsten | attval |

Representantar i styret for Lalm samfunnshus og i støttegruppa vert valde på fyste styremøte.

Imbert Kleiven

Gjermund Øihusom

ÅRSMELDING FOR LALM ARBEIDERLAG 2019

Årsmeldinga strekjer seg frå 21. februar 2018 til 25. februar 2019.

I denne perioda har det vore 5 styre- og medlemsmøter der det til saman har vore handsama 24 sakar. I tillegg har det vore eit planleggingsmøte før 1. mai markeringa og eit årsmøte.

Medlemstalet var på 33 betalande medlemmar i 2018, og er det same som i 2017.

Av sakar vi har arbeida med i 2018:

- Vi har sendt brev til Vågå kommune med forespørsel om betre profilering av Lalm og Vågå kommune på Lalm. Har fått svar om at det skal haldast eit møte om dette, men ingenting har skjedd frå kommuna.
- Vi har etter innkomne forslag frå medlem, sendt saka om utbetring av Skårsbrekka vidare til Vågå Ap, som i sin tur skal sende den vidare til fylkeskommunen i Oppland.
- Leiaren har hatt samtale med Terje Kleiven om jubileumsforedrag og han var ikkje avvisande på å gjere noko med dette.
- 90-års jubileumsmarkering vart det dessverre ikkje noko av i haust.
- Vi har støtta opp om flaggkjøp jfr. søknad frå 17. maikomiteen på Lalm.
- Vi gjorde uttale på Montessorryskulesatsinga på Tessand som vi ikkje var positive til. Det same gjorde vi om liknande etablering på Klonas seinare.
- Planlegging og gjennomføring av 1. mai markeringa på Lalm. Dette gjorde vi saman med Sjørdalen arbeiderlag og Vågå Ap. Fagforbundet støtta oss som vanleg med annonsar, som er ein viktig faktor for at vi i det heile tatt skal gå med overskot denne dagen.

Det spesielle ved dagen i år var at toget gjekk opp til Kolbotn, der det var offisiell opning av Bårstadhallen. Dette ble gjort av fylkesordførar i Oppland, Even Aleksander Hagen.

Etterpå inne heldt som vanleg Gjermund Øihusom ei stø hand på programleiarjobben. Underhaldningsinnslaga var ved Imbert Kleiven og Jørn Roger Ulen Aateigen. Det var apellar frå programleiaren, landbrukspolitisk talsmann for Vågå Ap og fylkespolitikar Ivar

Vistekleiven, varaordførar i Sel Lene Jevnheim, ordførar i Vågå Iselin Jonassen og dagens hovudtalar var fylkesordførar i Oppland, Even Aleksander Hagen.

- Vi purra på Vågå kommune om skraping av vegen bortover til Kolbotn og fekk via Simen Kleiven på teknisk kontor lovnad om at dette skulle bli gjort før 1. mai.



- Laget har og støtta opp med folk til innteksgjevande middagsservering for Lalm samfunnshus fleire gonger dette året, mellom anna den 1. mai og ved julemesssa i november.
- Leiaren har delteke på 3 planleggingsmøter for Lalmsdagen.
- Leiaren og kasseraren var med i komiteen som planla 100-årsmarkering for opning av taubana over Tolstadåsen på Sagflaten.
- Arbeidet med å sikre historia til Lalm arbeidarlag har ikkje kome vidare dette året og må settast ljøs på neste år. Vi fekk kr. 2000,- frå Vågå kommune til dette prosjektet i 2017 og dei skulle vore brukt til dette. Vi har ledig veggplass tilgjengeleg.
- Leiaren skreiv lesarbrev i konsesjonsaka i Nordherad der vi frå Lalm arbeiderlag var sterkt uenige med hovudutvalets innstilling og vedtak i saka der Ola Kvarberg fekk kjøpe Aabakken.
- Lalm arbeiderlag har kome med forslag til kandidatar til nominasjonskomiteen og har og kome med endringar og tillegg til programkomiteen for kommunevalet i 2019.
- Leiaren har og vore med i ei landbrukspolitisk samarbeidsgruppe for Ap i Vågå og Sel der det skal meislast ut ny landbrukspolitikk for desse laga framover, og setjast ljøs på aktuelle problemstillingar i landbruket med til dømes informasjon og diskusjonsmøtar.
- Lalm arbeiderlag har og kome med innspel om rassikring nord for Tolstadskriu og har i løpet av året kome i kontakt med statens vegvesen om dette. Der er saka dit kome at geolog skal kartleggje området med drone så fort føret tillet det.
- Vi har og hatt kontakt med teknisk sjef i Vågå om informasjonsmøte angående ras og flomsituasjonen på Lalm. Han var klar på at de ikkje vert eiga møte på Lalm om dette temaet, men felles møte på Vågå kommunehus/kommunestyresalen.
- Vi har og kome med uttale ang. privatisering av kommunale vegar i Vågå, noko vi er sterkt uenige i.
- Angående flyplassen på Tolstadåsen er vi vorte einige om ei felles uttale som går ut på at arbeidet med å avklare planane må intensiverast.

Styresamansettinga i 2018 har vore slik:

Leiar:	Jo Ivar Kleiven	På val: 2020
Nestleiar:	Marianne Skogstad	På val: 2019
Kasserar/sekr.:	Rune B.Isaksen	På val: 2020
Styremedlem:	Magnus Løkken	På val: 2019
Styremedlem:	Per Kristian Sagdalen	På val: 2019
Styremedlem:	Jolanda Kuiper	På val: 2020
Styremedlem:	Imbert Kleiven	På val: 2019
Varamedlem:	Tore Kleiven	På val: 2020
Varamedlem:	Sverre Braaten	På val: 2019

Andre komitear og verv:

Valkomite:	Gjermund Øihusom	På val: 2019
	Kirsten Bråten	På val: 2020
Revisorar:	Leif Arne Skogum	
	Bernt Karsten	
Repr. I samf. husstyret:		Imbert med Marianne som vara.
Støttegruppa for Lalm samf.hus:		Magnus L. med styremedl. som vara

For styret i Lalm arbeiderlag

Jo Ivar Kleiven

Regnskap Lalm arbeiderlag 2018

Inngående saldo

20 368,74

Bilagsr Dato	Beskrivelse	Inntekt	Kostnad
1	22.01.2018 Innskudd fra Arbeiderpartiet	120,00 ✓	
2	21.02.2018 Uttak, betaling av rep. Fane		600,00
3	21.02.2018 IF 453 Lalm samf.hus. Husleie		750,00
4	21.07.2475 Utlegg kaffemat årsmøte/medl.møte		150,39
5	25.03.2018 IF 477 Lalm samf.hus. Husleie		375,00

1. mai regnskap					
6	27.04.2018 Uttak veksel	2 000,00			
7	27.04.2015 Gave til taler	500,00			
8	02.05.2018 Innskudd veksel	2 000,00			
9	02.05.2018 Billetter 36 stk a kr. 100,-	3 600,00			
10	02.05.2018 Loddsalg 410 lodd a kr. 10,-	4 105,00			
11	02.05.2018 35 stk. 1. Mai pins a kr. 50,-	1 750,00			
12	04.05.2018 IF Lalm samfunnshus, husleie	2 425,00			
13	08.05.2018 IF 184111 Coop Ottadalen, frokost	1 701,00			
14	09.05.2018 IF 9620849 AP Nettbutikk, pins	600,00			
15	03.05.2018 Vippsgebyr	26,31			
		11 455,00	7 252,31	11 455,00	7 252,31
1 mai resultat		4 202,69			

16	04.05.2018 IF 10007 Kolbotn Kontorfellesskap leie lokale				350,00
17	18.06.2018 Støtte til flagg				641,00
18	20.06.2018 Overføring fra Arbeiderpartiet	1 908,00			
19	07.09.2018 IF 513 Lalm Samfunnshus				375,00
20	15.11.2018 IF 550 Lalm Samfunnshus				350,00
21	31.12.2018 Renter 2018			22,00	

Sum		13 505,00	10 843,70
-----	--	-----------	-----------

Årsresultat	2 661,30
--------------------	-----------------

Saldo	23 030,04
--------------	------------------

Lalm den 10.2.19

Leif Arn Skogum

Revisor

Bend Karsten

Revisor



BUDSJETT 2019

Inntekter

- Kontingent	kr. 2 000,-
- 1. mai	kr. 9 000,-
- <u>Annet</u>	kr. 1 000,-
<u>Total</u>	kr. 12 000,-

Kostnader

- Husleie	kr. 2 500,-
- Husleie 1. mai	kr. 2 500
- 1. mai kostnad	kr. 3 000,-
- <u>Andre kostnader</u>	kr. 4 000,-
<u>Total</u>	kr. 12 000,-

HANDLINGSPLAN FOR LALM ARBEIDERLAG 2019

- Intensivere arbeidet med å sikre historia til arbeiderbevegelsen på Lalm/markere 91 årsjubileum?
- Oppfølging av avbøtande midlar søknadsfrist 15. januar
- Oppfølging av rassikring nord for Tolstadscriu
- Næringskafe i mars/april med tema:
 - Naturbasert næringsutvikling – fokus på massivtre
 - Kolbotn næringsområde mm
- Planleggingsmøte 1. mai markering med samarbeidspartnarane våre i april
- Gjennomføre 1. mai markering på Lalm
- Intensivere arbeidet med å markedsføre industriområdet på Lalm. Asfaltering av Kvennbergvegen.
- Delta på Lalmsdagen med informasjon og medlemsverving
- Arrangere politisk kafe på Lalm samfunnshus.
- Stille med folk på valkampstand Lalm i september
- Næringskafe i oktober tema:
 - Naturbasert næringsutvikling – fokus på landbruk, framtidig beredskap innan matproduksjonen lokalt.
- Medlemsmøte og budsjettarbeid i løpet av hausten
- Avhalde årsmøte i første del av februar 2020